



VEDTEKTER FOR LEIKANGER KOMMUNE SIN KOMMUNEPRIS

(Vedtekne av Leikanger kommunestyre i møte 15.09.05, K-sak 0041/05.)

1 Namn

Prisen vert kalla "Leikangerprisen".

2 Føremål

Leikanger kommune deler ut ein kommunepris til verdfullt og framragande arbeid innan det frivillige lags- og organisasjonslivet eller innan arbeidsliv/tiltaksarbeid i kommunen. Prisen skal vere ein honnør, og påskjønne arbeid som vert eller har vore gjort. Den skal stimulere til vidare innsats.

Prisen skal vere med på å synleggjere innsats som har eller vil gagna Leikanger-samfunnet.

Prisen kan delast ut til einskildpersonar, lag og organisasjonar eller institusjonar.

Prisen kan ikkje delast ut til kommunale organ eller institusjonar eller til personar som arbeider i desse.

3 Prisutdelar

Formannskapet avgjer kven som får prisen. Dersom formannskapet ikkje finn kandidat til prisen eit år, skal prisen ikkje delast ut det året.

Prisen skal delast ein 1 gong årleg.

Rådmannen syter for at det på førehand vert utarbeidd ein oversikt på minst 2 kvalifiserte kandidatar. Det skal kunngjerast at det kan sendast inn framlegg på kandidatar. Slike framlegg skal vere grunngjevne. Framlegga skal vera innkomne til kommunen innan 1. november kvart år.

Endringar og tilpassingar i desse vedtektene kan gjerast av formannskapet.

4 Prisen

Prisen er på kr. 7 500,-, og i tillegg ein diplom. Auke i prissummen vert vurdert i samanheng med handsaminga av årsbudsjetta.